

Steinvik Fiskefarm AS

6940 EIKEFJORD

Vår dato: 09.01.2018

Vår ref.: 201306470-32

Arkiv: 432 / 086

Dykkar dato: 04.01.2018

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Øystein Nøtsund

22959526/oynd@nve.no

Risevatn reguleringsanlegg, Bremanger kommune. Dispensasjon frå krav til senking av magasin i fare- eller ulykkessituasjon - vedtak.

Vi viser til dykkar brev, datert 4.1.2018, med søknad om fritak frå krav til beredskapsmessig senking av Risevatn magasin, med vedlagt utgreiing av Norconsult, datert 3.1.2018. Med same sendinga har vi også motteke nye flaumberekningar for Risevatn. Vi handsamar flaumberekningane i eigen korrespondanse.

Kravet til senking av magasin i ein fare- eller ulykkessituasjon er gitt i forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg (damsikkerheitsforskrifta) § 5-9 andre ledd. Dette kravet blei aktuelt då dam Lendingen Sør blei sett i konsekvensklasse 3, jf. vårt brev datert 13.10.2017.

Søknaden om fritak er grunngeven med ulike praktiske problem knytt til oppfyllinga av kravet.

Vedtak

Med heimel i damsikkerheitsforskrifta § 8-2 blir det gjeve dispensasjon frå same forskrift § 5-9 andre ledd, om senking av magasin i fare- eller ulykkessituasjon.

Grunngjeving

Dispensasjonen er gjeven på grunnlag av avbøtande tiltak lista opp i Norconsult sitt notat:

- Dammen blir bygt mot nedstraums fjell i byggegropa i heile dammen si lengde. Dette betyr at damtverrsnittet blir monaleg større enn det ein normalt trenger for å oppnå berekningsmessig stabilitet.
- Dammen blir etablert i ei grøft med vederlag i berg på begge sider. Det blir ikkje rekna med at krefter blir ført ut i vederlaga, eller at det er stabiliserande bidrag frå skjærspenning mot vederlaga.
- Dammen blir tilfylt og dekket til slik at det reduserer tilgangen til dammen.
- Nedstraums støttefylling blir utført av stor stein slik at ho vil kunne tole overtopping utan at fyllinga blir vaska bort. Det blir likevel ikkje medrekna stabiliserande bidrag frå nedstraums fylling.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

- Det blir medrekna destabiliserande bidrag frå oppstraums tilbakefylling.
- Det blir ikkje medrekna stabiliserande bidra frå bergboltar.

NVE meiner at sikkerheita ved dam Lendingen Sør blir ivareteken på ein tilfredsstillande måte.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Lars Grøttå
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Per Helge Eikeland (VTA)
NORCONSULT V/Hugo Fredly
NORCONSULT v/ Gunnar Solvang